



## Statens vegvesen

Osterøy kommune

5282 LONEVÅG

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Sigmund Bødal / 55516146

Vår referanse:  
18/155195-5

Dykkar referanse:  
18/1857 – 19/8222

Vår dato:  
27.05.2019

### Gnr. 129 bnr. 96 Hamre, Osterøy kommune – Søknad om oppføring av einebustad – gjeld handsaming etter veglova

Vi viser til brev i frå Dykk av 30.04.19, med søknad om utvida bruk av avkøyrsløse på Fv 365 frå gbnr 129/96 på Hamre i Osterøy kommune.

Slik vi forstår det er det frådelt ei tomt på gbnr 129/96 og at søknaden gjeld tilkomst til Fv 365 for denne tomta. Omsøkt avkøyrsløse har i dag ein del manglar når det gjeld å kunne tilfredstille krava til avkøyrsløse. Vi kan difor ikkje gje noko løyve på noverande tidspunkt, men fattar vedtak som førehandstilsegn med vilkår om utbetring av avkøyrsløse. I denne saka gjeld krava våre friskt, handtering av overvatn og helling i avkøyrsløse. Vi er av den oppfatning at det vil vere krevjande å få til riktig helling i avkøyrsløse.

Statens vegvesen gjer merksam på at vi ved synfaring på staden også har vurdert om det var mogleg å bruke avkøyrsløse på Fv 365 ved gbnr 129/74. Her er det likevel avgrensa moglegheiter for utvida bruk, all den tid det er oppført ein større mur på innsida av avkøyrsløse.

#### Vedtak

Med heimel i veglova §§ 40–43, har vi fatta følgjande vedtak:

Det kan påreknast bruksløyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse for 1- ei buening under føresetnad om at krava nedanfor vert oppfylte.

Veg/stad: Fv 365 – hp 1 – km 08226 /gnr. 129 bnr. 96 i Osterøy kommune.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Vi gjer merksam på at tilsegna berre gjeld i høve til veglova. Vi gjer særleg merksam på at tiltak kan vere søknadspliktige etter plan- og bygningslova (kommunen) og at det kan vere behov for å avklare privatrettslege tilhøve.

Vi set følgjande krav:

1. Avkøyrsla skal vere ferdig bygd i samsvar med vilkåra nedanfor, og deretter kontrollert og godkjent av Statens vegvesen innan 3 – tre år frå datoen på dette vedtaket, elles fell tilsegna bort.
2. Kommunen skal ikkje gje igangsetjingsløyve til omsøkt bygg før endeleg godkjent avkøyrsløyve frå Statens vegvesen føreligg, jf. plan- og bygningslova § 27–4. Når krav til frisikt er oppfylt, kan kommunen gje løyve til nødvendig grunnarbeid.
3. Avkøyrsla må opparbeidast i samsvar med vedlagte prinsippsskisser og *Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg*, som ligg på lovdatab.no.
4. Avkøyrsla skal også kunne vere felles med eventuelle andre, som på ein naturleg måte kan nytte same avkøyrsløse.
5. Frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrsla skal vere minimum 54 meter til begge sider av køyrebanen. Sikta fram- og bakover på vegen, målt 10 meter frå avkøyrsløspunktet, skal vere minimum 54 meter. Eventuelle planter o.l. i siktsone kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter. For denne avkøyrsla må sikta ordnast i retning Hamre kyrkje. Her må buskar og tre fjernast.



Buskar og småtre i siktsone på høgre side av Fv 365 på bildet, som må fjernast.

6. Svingradius skal vere 9 meter (diameter 18 meter). Svingradius skal markerast tydeleg. Det smalaste punktet i avkøyrsla skal vere 5 meter.
7. Stigningskrava må haldast (sjå skisse). Vi vil her spesielt gjere merksam på at avkøyrsla skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første 2 metrane.
8. Av omsyn til vedlikehald og trafikktryggleik må det ikkje samle seg vatn i avkøyrsla, eller renne vatn ut i fylkesvegen. Under avkøyrsla må det leggjast dreneringsrøyr, minimum 300 mm i diameter, med eventuelt nødvendige kummar. Eventuelt kan overvatn leiast ut i drenerande grøft.



Omsøkt avkøyrsla som har fall ut i Fv 365. Avkøyrsla skal ha fall innover for å kunne handtere overvatn.

9. Det må vere snu- og parkeringsplass på eigen grunn. Det er ikkje tillate å parkere i frisiktsonene.
10. Dersom rekkverk skal flyttast eller endrast som følgje av utbetring av avkøyrsla så må det gjerast i samsvar med krava i vegnormalen handbok N101.

### Arbeidsvarsling

Før arbeid vert sett i gang på/ved offentleg veg, skal det utarbeidast ein arbeidsvarslingsplan. Denne planen skal godkjennast av Statens vegvesen. Han skal sendast til [bergen.arbeidsvarsling@vegvesen.no](mailto:bergen.arbeidsvarsling@vegvesen.no). Vi ber om at det vert vist til vårt saksnummer 18/155195 ved innsending av arbeidsvarslingsplanen.

### Vidare saksgang

Ta kontakt med sakshandsamar dersom det er spørsmål i samband med opparbeiding av avkøyrsla.

Når avkøyrsla er opparbeidd etter krava, skal det takast kontakt med Statens vegvesen for synfaring og eventuell godkjenning. Endeleg godkjent avkøyrsløyve vert sendt til søkjar, med kopi til kommunen.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
seksjonsleiar

Bødal Sigmund  
senioringeniør


*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

<b>(1)</b> Sendar (stemplet til forvaltningsorganet)	
<b>(3)</b> Mottakar (namn og adresse)	<b>(4)</b> Klageinstans
<b>Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak</b> (Forvaltningslova § 27 tredje leddet)	
<b>(2)</b> Dato	
<p><b>Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.</b></p> <p><b>Klagerett</b> De har rett til å klage på vedtaket.</p> <p><b>Kven kan De klage til?</b> Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følge av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).</p> <p><b>Klagefrist</b> Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.</p> <p><b>Rett til å krevje grunngjeving</b> Dersom De meiner at vi ikkje har grunngjeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngjevinga.</p> <p><b>Innhaldet i klaga</b> De må presisere</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– kva for eit vedtak De klagar på</li> <li>– årsaka til at De klagar</li> <li>– den eller dei endringar De ønskjer</li> <li>– eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga</li> </ul> <p>Klaga må underskrivast.</p> <p><b>Utsetjing av gjennomføring av vedtaket</b> Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.</p> <p><b>Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing</b> Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.</p> <p><b>Kostnadene med klagesaka</b> De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.</p> <p><b>Klage til Sivilombodsmannen</b> Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.</p>	

Særlege opplysningar

0073 N (Godkj. 05-95) Elektronisk utgåve


# PRINSIPPSKISSE



Tilsvarende sikt lengder som vist på tegningen må også gjerast gjeldande for trafikken som kjem på hovedvegen og skal inn i avkjørsla (sikt bakover og framover langs hovedvegen)

Av hensyn til snø og vegetasjon skal det i frisiktsonen vera fritt for sikthinder høgare enn 0,5 m. over hovedvegens nivå

## Krav til svingradius for avkjørsla :



## Krav til lengdeprofil for avkjørsla/tilkomstveg:

